



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Svein Korerud, 5557 2027

Vår dato  
02.06.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2012/15874 421.2  
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

## Forslag til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Vi har i brev av 12.05.2017 gitt uttale til planforslaget for regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Uttalen vår står ved lag. Gjennom deltaking i administrativ arbeidsgruppe for planarbeidet har vi gått igjennom uttalene frå kommunane til planen.

Fleire kommunar har uttaler som bygger på uriktig forståing av plan- og bygningslova. Vi ser grunn til å kommentere det, da det er viktig at planforslaget blir vurdert ut frå ei riktig lovforståing. Det er ei generell oppgåve hos oss og den er sær s viktig for ein overordna regional plan for sentrale plantema i Hordaland. Vi viser nedanfor til dei uttalene om juridiske spørsmål frå kommunane som vi finn det nødvendig å kommentere før fylkeskommunen tek saka til slutthandsaming.

### Hordaland fylkeskommune har ikkje heimel for planforslaget.

Hordaland fylkeskommune har klår heimel i plan- og bygningslova kap. 8 for planen og med det innhaldet som er foreslått. Det er ikkje nokon grunn til å reise tvil om det rettslege grunnlaget for planarbeidet. Det er også i samsvar med nasjonale forventningar til fylkeskommunen å planlegge regionalt for viktige plantema for fylket.

### Det er ikkje heimel for arealsonene, teiknereglane eller kartet. Kartet kan ikkje vere juridisk bindande.

Vi er kjent med at fylkeskommunen har hatt kontakt m.a. med Kommunal- og moderniserings - departementet om arealnemningane og teiknereglane. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er slike feil ved planen. Vi minner om at vi deltek både i arbeidsgruppa og rådgir og ser generelt til at planar blir juridisk riktige.

Vi kan ikkje sjå bort frå at utsegna bygger på misforståing av planforslaget, men det er ikkje grunn til tvil om heimelen for oppbygginga og dei einskilde elementa i planen.

Planforslaget seier sjølv både i retningslinene pkt. 1.4 og i planomtalen at plankartet og retningslinene er retningsgivande for den vidare kommunale planlegginga. Vi har sjølve i uttalen vår av 12.05.2017 presisert forståinga vår av planforslaget og peika på fleire utsegner i planomtalen som er tydelege på korleis planen skal nyttast, sjå brevet vårt side 3-4.

### Tilhøvet til gjeldande arealplanar i kommunane.

Planforslaget seier klårt at tidlegare godkjente og gjeldande arealplanar gjeld uavhengig av denne planen, jf. § 1.4. Planen sjølv er avklårande for tilhøvet til gjeldande arealplanar i kommunane. Vi ser ikkje grunnlag for å reise tvil om dette.

Regional plan krev tilslutnad frå kommunane innan planområdet.

Det er ikkje noko lovkrav. Det er Hordaland fylkeskommune som har mynde til å vedta sine eigne regionale planar, jf. plan- og bygningslova § 8-4. Det er ei klår fylkeskommunal oppgåve.

Den interkommunale planen skal vere styrande for/vere overordna den regionale planen.

Plan- og bygningslova § 8-2 fastset at regional plan skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ, og for kommunal og statleg planlegging og forvaltning i regionen. Det overordna systemet i plan- og bygningslova er også at regionale planer som gir uttrykk for nasjonale og regionale omsyn, skal leggjast til grunn i vidare kommunal planlegging. Det kjem til uttrykk gjennomgåande og gjentatte gonger i plan- og bygningslova. Ut frå karakteren og oppbygginga må den regionale planen her leggjast til grunn for kommunal planlegging.

Den interkommunale planen skal bli vedteken i den einskilde kommune og er å sjå på som ein kommunal plan. Det er ikkje grunnlag for at den interkommunale planen eller annan kommunal plan skal vere overordna eller styrande for den regionale planen. Det ville i så fall bryte tvert med planprinsippa i plan- og bygningslova.

Planretningslinene skal ikkje/bør ikkje gi grunnlag for motsegn.

Det følgjer av plan- og bygningslova § 5-4 at planen vil kunne gi grunnlag for motsegn. Vi viser også til merknaden ovanfor knytt til plan- og bygningslova § 8-2. Det går fram av fleire paragrafar i lova at planen kan gi grunnlag for motsegn. Retningslinene endrar ikkje på det.

Vi viser i tillegg til at planen skildrar sentrale og viktige nasjonale/regionale omsyn som vil kunne gi grunnlag for motsegn uansett om retningslinene seier det uttrykkeleg eller ikkje. Fylkesmannen har vore oppteken av at planen ikkje skal ha ein ordlyd som kan lesast som ei innskrenking av mynde til å fremme motsegn. Det er såleis eit sentralt opplysningspunkt i planen.

Sluttmerknader om omsyna i planforslaget, spørsmål om kartfesting eller ikkje.

Planforslaget peiker på ein del arealomsyn innan planområdet. Knytt til merknaden ovanfor om motsegn, viser vi til at det er dei ulike omsyna som kan gi grunnlag for motsegn. Planen har gode utgreiingar som grunnlag for kartet. Planen og kartet synleggjer omsyn og verdiar i områda så langt som kunnskapsgrunnlaget strekker seg i dag. Det er derfor til hjelp for kommunane i deira ytterlegare utgreiingar til arealdelen i kommuneplanen. Desse arealomsyna er der uansett om dei er kartfesta eller ikkje. Dei vil ha same verknad for tiltak og verksemd i områda uansett om dei inngår i den regionale planen eller ikkje.

Med helsing

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

Svein Kornerud  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*